

Program for Kvam Venstre 2023–2027

# Venstre tar Kvam framover.



## Innleiing

Kvam Venstre er opptatt av å skape eit levande og bærekraftig lokalsamfunn, der alle innbyggjarane får tilgang til gode tenester og muligheiter for lokal utvikling. Samstundes er me bevisste på dei utfordringane me står ovanfor i dagens samfunn, der natur- og klimakrisa krev kraftige tiltak for å verne om naturen og redusere klimautsleppa. Me meiner at det grønne skiftet er naudsynt for å sikre ei bærekraftig framtid.

Me ynskjer eit inkluderande samfunn der alle har fridom og sjølvstende til å leva livet slik dei ynskjer, uavhengig av alder, kjønn, livssyn, funksjonsnivå, seksualitet og bakgrunn. Vår visjon er å gje innbyggjarane makt og innflytelse på beslutningar som angår dei direkte, slik at samfunnet vert utvikla nedanfrå.

Me ynskjer å ta Kvam vidare og trur på ein framtidsretta politikk som satsar på kunnskap og kompetanse, som tar klima- og naturkrisa på alvor, og som støttar små og store jobbskaparar i heile kommunen. Me ser framover, ikkje bakover, og vil vera med på å skapa ei bærekraftig og rettvis framtid for Kvam sine innbyggjarar.

### Nysgjerrig på Venstre?

Du finner mer om valgkampsakene og kandidatene våre på [venstre.no/kvam](https://venstre.no/kvam)



## Skule og opplæring med høg kvalitet

Utdanning er avgjerande for framtida. Kvam Venstre trur på ein skule som tar omsyn til elevane sine forskjellar og behov, og som gir alle like muligheiter i livet. Me ynsker å skapa ein skule der elevane trives og opplever mestring. Difor vil me ha fleire helsesjukepleiarar, miljøarbeidarar og andre fagpersonar med kompetanse utover det reint pedagogiske. Dette vil gje lærarane meir tid til å undervise og elevane den beste utdanninga.

### Barnehagar

Kvam Venstre ynskjer mangfald i barnehagetilbodet slik at alle familiar kan finna eit tilbod som passar deira behov. Me trur at kvaliteten på barnehagen er viktigare enn kven som driv eller eig barnehagen.

Barnehagen er avgjerande for integrering, inkludering og språkutvikling. Kommunen bør jobbe målretta for å auke grada av deltaking for barn med flyktning- og innvandrarbakgrunn i barnehagen.

Me meiner at kompetanse hjå leiinga, lærarar og tilsette, gode miljø både inne og ute, samt tilstrekkelig antall tilsette, er avgjerande for barnehagebarna sin trivnad og utvikling. Me meiner og at leik, rørsle og sunn mat bør stå i sentrum i barnehagen.

### Kvam Venstre vil:

- Sikre tilstrekkeleg bemanning for alle barnehagar i deira opningstid.
- Ha løpande barnehageopptak, for å sikre at alle får muligheit til å begynne i barnehagen etter at foreldrepermisjonen er over.
- Styrka samhandlinga for overføring av informasjon om barnet sitt faglege nivå og utvikling i overgang fra barnehage til skule.
- Styrkja barnehagar og skular i arbeidet med eit trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø.

## **Skulen**

Ein god start på skulegangen er viktig for eit vellukka utdanningsløp. Kvam Venstre ynskjer å sikre god opplæring og tilpassa undervisning gjennom kompetente lærarar og auka metodefridom.

Me ynskjer ein fleksibel skulestart, muligheit for eit ekstra skuleår, sommarskule, og fleire faggrupper inn i skulehelsetenesta for å ivareta den enkelte elev sine behov. Me vil og jobbe for å gje skulane muligheit til å tilby fleire val for borna som ikkje finn seg til rette i det noverande tilbodet.

### **Kvam Venstre vil:**

- Styrkje laget rundt eleven, ved å tilsetje fleire helsesjukepleiarar, skulepsykologar/psykiatriske sjukepleiarar, miljørettleriinar og rådgjevarar med formell kompetanse.
- Like god bemanning i fyrste klasse som i barnehagen, slik intensjonen var då seksåringane kom inn i skulen.
- At kommunen skal tilby kurs og midlertidige opplæringstilbod for ufaglærte i skulen, fram til dei får ein formalisert kompetanse.
- Styrkje tilbodet om forserte løp og talentsatsingar, og leggje til rette for at elevar som treng det kan ta færre fag over lengre tid.
- Gje gratis skulefritidsordning til låginntektsfamiliar.
- Styrka leksehjelp for barn og ungdom.
- Gje lærarane større fleksibilitet for å kunne gje tilpassa undervisning til den einskilte elev.
- Trygge skuleveggar

## **Fleire lokale arbeidsplassar**

Om me skal lukkast med å skape gode lokalmiljø, er det viktig at flest muleg kan bidra og inkluderast i arbeidslivet. Det skal vere enkelt å skape ein arbeidsplass for seg sjølv og andre, og at ein enklare skal kunne jobbe frå der ein vil.

Kvam Venstre vil jobbe for eit robust næringsliv og ei utvikling med vekt på lokal verdiskaping. Me vil støtte opp om innovasjon og etablering av nye arbeidsplassar.

Bedrifter, gründarar og sjølvstendig næringsdrivande skal ha gode vekstvilkår.

### **Lokal næringspolitikk**

Framtidas næringsliv er grønt, nyskapande og kreativt. Då treng me ein kommune som yt god service og legg opp til gode, stabile og langsiktige rammevilkår for næringsverksemd Næringspolitikken skal vera framtidsretta og næringsnøytral, og legge til rette for eit seriøst og lønnsomt næringsliv.

#### **Kvam Venstre vil:**

- Aktivt støtte små og mellomstore bedrifter, entreprenørar og initiativ som ynskjer å gjennomføre grøn omstilling.
- Støtte oppstartsgenerator-program som gir nye gründarar bistand i etableringsfasen.
- Legge til rette for auka lokal produksjon og distribusjon av mat og drikke, mellom anna ved å støtte opp under tiltak som lokale matdistribusjonsordningar.
- Støtte opp om samla kontorlokale til utleige for gründarar, næringsliv og frivillige, for å oppmoda til deling av idéar, nettverk og kunnskap.

- Sikre at kommunen sin praktisering av anskaffelsesreglementet, fremmar innovative anskaffelsar, grønne anskaffelsar, gründervennlige anbodskontraktar, betre konkurranse og mindre detaljerte kravspesifikasjonar.

### **Eit likestilt og inkluderande arbeidsliv**

Kommunen spelar ei viktig rolle i inkludering gjennom ordningar som BPA, introduksjonskurs og samarbeid med bedrifter om tilrettelegging. Deltaking i arbeid bidrar til inkludering, integrering, motverkar fattigdom og utjevnar forskjellar. Difor ynskjer Kvam Venstre eit fleksibelt arbeidsliv som passar for folk med ulike forutsetningar.

### **Kvam Venstre vil:**

- At kommunen tar samfunnsansvar for at fleire skal koma inn i arbeidslivet ved å ta inn lærlingar, tilby praksisplassar og tilby deltidsordningar for folk med redusert arbeidsevne.
- Syta for at tilgangen på individuelt tilpassa assistanse, til dømes tildeling av brukarstyrt personleg assistanse (BPA), skal vera tilgjengelig og fremme likestilling.
- Styrkje sosialtenestena med auka ressursar til å yte tett og individuell oppfølging for å bistå fleire ut i ordinært arbeid.
- Styrkje samarbeidet med arbeidslivet og utdanningssektoren for å redusere utenforskap og kompetansegap.
- Styrka satsing på tilrettelagde arbeidsplassar

## Eit levande lokalsamfunn

Stadutvikling skapar viktige rammer for kvardagslivet, og ein viktig del av politikken er difor å bidra til gode omgjevnader og bustadområde. Det er viktig at me utformar lokalsamfunnet med inkluderande offentlege rom som legg til rette for at me kan leve miljøvennlege og gode liv.

Gode lokalmiljø har og eit mangfald av aktivitetar, slik at alle finn noko dei kan trivast med. Kvam Venstre meiner at om kulturen, idretten og frivilligheita får fridom til å utfalde seg, får me eit meir mangfaldig tilbod for innbyggjarane. Kommunen spelar samstundes ei viktig rolle i å legge til rette for både organiserte og eigenorganiserte aktivitetar, og eit trygt og attraktivt uteliv.

### Stadutvikling

Gode lokalsamfunn er avhengig av ein stadutvikling som skapar attraktive nærmiljø der folk bur og lev liva sine. Dette kan me mellom anna gjere ved å sikre nærleik til gode friluftsområde, viktige offentlige velferdstilbod, arbeidsplassar og private tenester.

### Kvam Venstre vil:

- Auke satsinga på lokal bukvalitet ved å sikre eit mangfald av aktivitetar og tilbod i nærleiken av der folk bur. Fritidsklubb for ungdom – lavterskel møttestad i helger må prioriterast
- Ta vare på meir natur og sikre tilgang til lokale turstiar og utfartsområde.
- Syte for universell utforming av bygg og anlegg i kommunen.
- Lage ein gjenbruksstrategi i kommunen, som legg til rette for at kommunen kan velje brukt istadenfor nytt i anskaffelsr der det er muleg.

## **Kultur og idrett**

Det lokale kulturlivet må sikrast gode vilkår og det er viktig at kulturtilbodet er tilgjengeleg for alle. Kvam Venstre vil bidra til å lette tilhøva for breddeidretten og syte for eit variert tilbod.

### **Kvam Venstre vil:**

- Støtte og bygge opp gode kulturarenaer, også for eigenorganisert kulturliv.
- Syte for at offentlege kulturtilbod er økonomisk tilgjengeleg for alle.
- Prioritere midlar til breddeidrett for å skape inkluderande idrettsarenaer.
- Ha målretta ordningar som gir alle moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar uavhengig av alder og økonomisk situasjon.

## **Frivilligheit**

Frivillig arbeid er av stor verdi for både lokalsamfunnet og den einskilde. Alle bør få moglegheit til å delta i frivillig arbeid. Difor er det viktig for Kvam Venstre at det skal vera enkelt å vera frivillig og at frivilligheita har ei sterk rolle i lokalsamfunnet.

### **Kvam Venstre vil:**

- Gjere eigna offentlege lokale tilgjengelege for lag og foreiningar på ein enkel måte.
- Sikre ei god arbeidsdeling mellom kommunen og frivilligheita i dei tilfella der frivilligheita tar seg av oppgåver som grensar opp mot kommunen sitt ansvarsområde.
- Ha medverknadsorgan for barn og unge som har rett til å få sine saker vurdert av kommunestyret.



## **Attraktivt uteliv**

Utelivet er ein viktig del av mange lokalmiljø. For å skape gode møteplassar i utelivet, treng me fleksibilitet og fleire alternativ for innbyggjarane. Serveringsnæringa skal tilby noko for einkvar smak, samstundes som me skal syta for at bedriftene vert drive på ein forsvarleg og trygg måte.

## **Kvam Venstre vil:**

- Sikre seriøse aktørar langsiktige, stabile og gode rammevilkår og slå ned på useriøse aktørar, mellom anna gjennom systematiske kontrollar.
- Vidareføre samarbeidet med politiet og skatte- og avgiftsstyresmaktene for å avdekke økonomisk kriminalitet og brot på bestemmelsar om arbeidsmiljø og HMS.
- Auke antalet på diskrimineringskontrollar i utelivet for å bekjempe rasisme og anna diskriminering.

## **Asyl og integrering**

Noreg og Kvam skal vere ei trygg hamn for folk på flukt. Kvam Venstre vil møte flyktningar med respekt og medmenneskelighet, og gje dei muligheit til å skapa eit bedre liv. Det er viktig å få folk ut i skule, arbeidsliv og fritidsaktivitetar, for å sikre ein rask og god integrering. Kvam Venstre vil støtte opp om private og ideelle initiativ for betre integrering og inkludering.

I Noreg lever mange barn og unge under fagttidomsgrensa. Å leve under fattigdomsgrensa betyr for mange at det er ein utfordring for familien å delta i aktivitetar, både organiserte fritidsaktivitetar og private, som å gå i bursdag eller på badeland. Ein viktig faktor for å koma over fattigdomsgrensa er å ha lønna arbeid. Det er viktig at det offentlige søker å utjamne ulikskap.

### **Kvam Venstre vil:**

- Jobbe for rask busetting av flyktningar.
- Samarbeide med lokalt næringsliv om å tilby norskopplæring til arbeidsinnvandrere, og etablere møteplassar med resten av lokalsamfunnet.
- Legge til rette for aktivitetar der heile familien kan delta.
- Styrke foreldre sine muligheter til å hjelpe borna med lekser og skularbeid gjennom språkopplæring og forståing for norsk skule.

## **Helse og omsorg i lokalsamfunnet**

Eit trygt og nært helsetilbod av høg kvalitet er viktig for at alle skal ha fridom og muligheit til å delta i samfunnet. Samtidig mener Kvam Venstre at einskildmennesket i større grad bør ha makt over kven ein mottek tenestene frå.

For at alle skal kunne leve gode og sjølvstendige liv lenger, må samfunnet forebygge meir og reparere mindre innenfor både psykisk og fysisk helse. Tidleg innsats og meir inkludering kan bidra til å forhindre utenforskap, og sette fleire i stand til å delta i samfunnet på like premissar.

### **Helsetenester**

Kvam Venstre vil at alle innbyggjarane skal ha best muleg helse. Med helse meiner me ikkje bare fråvær av sjukdom, men og ei oppleving av meining og deltaking i samfunnet.

Store etterkrigskull og betre helse gir aukande levealder, og det gjer at Kvam i tida framover vil ha ein stadig eldre befolkning. Kvam Venstre vil føre ein helsepolitikk som sikrar alle tilgang til eit godt helsetilbod, uavhengig av språkferdigheiter, alder, inntektsnivå eller pårørande sine ressursar.

### **Kvam Venstre vil:**

- Satsa på forebyggjande tiltak retta mot unge, deriblant samarbeid mellom helsetenester og skular med informasjon om rusmiddelbruk.
- Jobbe for å få mammografibussen attende til kommunen
- Jobbe for at alle som mottar tenester i heimen skal få eit fast og stabilt antal personar å forholde seg til når dei treng det
- Vidareutvikle dagtilbod og gode møteplasser.
- Legge til rette for helserelatert trening og frisklivssentral.
- Utvikla helse- og omsorgstenester ved å utvida fagansvaret for helsefagarbeidarane (avlaste sjukepleiarane)
- Tilrettelagde bufellesskap for yngre personar med demens.

### **Psykisk helse**

Omtrent halvparten av befolkninga slit med dårlig psykisk helse ei eller fleire gonger gjennom livet. Det ser no ut til at dette er aukande i den yngre befolkninga. Det er særleg lettare psykiske plagar, som angst og depresjon som plagar mange.

Dårlig psykisk helse kan føre til fråvær frå skulen og lite deltaking i samfunnet og i aktivitetar. Det er difor viktig at desse får tidleg hjelp. Me vil styrkje ressursane for lågterskeltilbod utan henvising for born, unge og vaksne med psykiske lidningar.

### **Kvam Venstre vil:**

- Styrkje helsestasjonen for unge med rask tilgang til psykolog.
- Sikre at kommunen har ein ungdomskontakt og eit godt

lågterskeltilbod for ungdom som slit med psykiske plager.

- Sikre vidareføring og vidareutvikling av lågterskeltilbodet innan rusomsorg og psykisk helse.
- Styrkje familierådgjevingstenesta.
- Betra helsetilbodet innan psykiatri , også under ferieavvikling .

### **Auka fridom i alderdommen**

Kvam Venstre vil møta alle eldre med eit tilbod som gjev valfridom og tar i bruk teknologi slik at alle får muligheit til å leve så frie, sjølvstendige og innhaldsrike liv som muleg. Dette kan til dømes gjennomførast med automatisert medisintil levering til rett tidspunkt, og brukarkontakt-løysingar som er til hjelp i heimesjukepleien.

#### **Kvam Venstre vil:**

- Ta i bruk velferdsteknologi, innovasjon og nye løysingar for å legge til rette for at fleire kan bu heime lenger og meistre sin eigen kvardag, samstundes som eldre som ikkje har digital kompetanse har muligheit til å delta.
- Legge til rette for at sjukeheimar og omsorgsbustader har eit tilpassa tilbod som reflekterer individet sine interesser og ynskje.
- Tilrettelegge for eit meir sømlaust samarbeid på tvers av heimetenesta, helsetenesta og frivilligheita for å motverke underernæring og einsemd blant eldre.
- Syte for høg kvalitet på maten på bu- og omsorgsheimane tilpassa den enkelte sine vanar og ynskjer.

## Ein klimavennleg kommune

Klimakampen handlar om å gje borna muligheit til å leva gode og trygge liv no og i framtida. Me må ta vare på naturen og alle dei godene kloden som økosystem tilbyr oss, slik som mat, reint vatn og rein luft. Kvam Venstre vil at det skal vera enkelt å bidra i klimakampen og leve gode liv med lite miljøavtrykk.

### Lokale klimatiltak

Samarbeid mellom næringsliv, kommune og sivilsamfunn er naudsynt for å finne løysingar som får ned dei lokale utsleppa. Den viktigste rolla kommunen kan spele, er å legge til rette for grøn næringsutvikling og å ta i bruk det handlingsrommet kommunen har til å leie an i klimaarbeidet.

Kommunane står for ein stor andel av innkjøpa i Noreg. Ved å stille strenge klima- og miljøkrav i anskaffelsane kan Kvam kommune oppnå lokale utsleppskutt og bidra til at grønne produkt og tenester kjem inn i marknaden.

### Kvam Venstre vil:

- Vidareføre klimabudsjett og klimaregnskap i kommunen.
- Stille strenge klima- og miljøkrav i alle offentlige anskaffelsar, og styrke kommunen sin kompetanse om klimakrav i anbudsprosessar.
- At klimagevinsten i rehabilitering framfor rivning, alltid skal vurderast i kommunale eigedomsprosjekt.
- Støtte miljøvennleg matproduksjon og sal av kortreist mat.
- Stille krav til lokal byggeskikk ved utbyggingsprosjekt

## **Grøne reiser**

Kvam Venstre vil redusere kommunen sine utslepp frå transport ved å skifte ut fossile bilar med nullutsleppsilar og etablere fleire ladestasjonar. Me vil og samarbeide med næringslivet om å elektrifisere tungtransporten og stille krav til nullutsleppsbussar i kollektivtrafikken.

Me øyskjer å legge til rette for at alle som har mulighet til det kan benytte gange, sykkel og kollektivtrafikk til sine kvardagsreiser, og kommunen må difor legge til rette for at det er attraktivt å velje alternative transportformer til bil.

### **Kvam Venstre vil:**

- Utvide kollektivtilbudet slik at det gjer det muleg for fleire, uavhengig av arbeidsplan eller behov, å reise kollektivt.
- Stille krav om utsleppsfri og universelt utforma kollektivtrafikk.
- At alle nye offentlege køyretøy skal vere nullutsleppskøyretøy.
- Stille krav til utsleppsfri transport for oppdrag og leveranser til kommunen.
- Etablere flere ladestasjonar for elbil, inkludert hurtigladarar og ladestasjonar for drosje, på kommunal grunn og spesielt i tilknytning til kollektivknutepunkt, og stille krav om at desse er universelt utforma.
- Samarbeide med næringslivet for å legge til rette for heilskapelege utsleppsfrie løysingar for tyngre køyretøy.
- Legge til rette for lademulighet for el-båter i alle småbåthamner.

## **Lokal energiproduksjon og energieffektivisering**

Kommunen kan oppnå store klimakutt gjennom auka produksjon og bruk av fornybar energi. Det enklaste er å integrere produksjon av fornybar energi ved nybygg og rehabilitering av gamle bygg. I tillegg kan kommunen gjere det meir attraktivt for innbyggjarane og bedriftene å starte opp lokal, fornybar energiproduksjon.

### **Kvam Venstre vil:**

- Stille krav om energiproduksjon og vegetasjon på tak og fasader i nye, større bygg, og på sikt eksisterande bygg, for å bidra til klimatilpasning og auka biologisk mangfold.
- Kartlegge potensialet for jord-/bergvarme i kommunen, og stille krav til bruk der dette eignar seg.
- Stille krav til energieffektivitet i kommunen sine egne nybygg og rehabiliteringsprosjekt.

## **Meir natur**

Saman med klimaendringar er tap av natur den største trusselen mot menneska sin livskvalitet og fridom. For Kvam Venstre har naturen verdi i seg sjølv, men ein intakt natur er og ein føresetnad for at me menneske skal kunne leva gode liv.

### **Kvam Venstre vil:**

- Me vil i samarbeid med lokale krefter innhenta meir informasjon om konsekvensar av ein eventuell framtidig nasjonalpark i Kvammafjella og Bergsdalen.
- Naturlege vassvegar må haldast opne.
- Modernisera store og små avlaupsanlegg,

- Me ynskjer at Kvam herad skal vera pådrivar for at regional plan for Hardangerfjorden har fokus på fjordvern.
- Lage lokale verneplaner for vassdrag og ferskvannsressursar i kommunen.
- Jobbe for at kommunen har eigen dyrevelferdsplan.
- Bevare kommunen sine «grøne lungar» og turområde.



Meld deg på Venstres nyhets-  
brev: [venstre.no/nyhetsbrev](https://venstre.no/nyhetsbrev)



**VENSTRE**